

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Torbjørn Guggedal	K2 - U64	17/297

Saksnr	Utval	Type	Dato
018/17	Kommunestyret	PS	21.03.2017

Berekraftig reisemålsutvikling - invitasjon til Suldal kommune som utviklingspartner

Rådmannen si innstilling

Suldal kommune vedtek å støtta opp om arbeidet med å oppnå merket Berekraftig Reisemål. Dette arbeidet er i tråd med målsetjingar både i kommuneplanen og i Økonomiplanen med handlingsprogram.

Sand, 27.03.2017

Øyvind Valen
rådmann

Dokumentliste:**Vedlegg:**

prosesslp_fase_3-4_2103_2014

prosesslp_fase_1-2_2103_2014 (2)

Bærekraftig-reiseliv

Standard for bærekraftig reisemål

Saksopplysningar:**Fakta**

Suldal Vekst AS har sendt kommunen denne invitasjonen:

Bærekraftig reisemålsutvikling, invitasjon til Suldal kommune som utviklingspartner

Norsk reiseliv har dette året hatt eit rekord år, og ein ser at reiselivsnæringa i Suldal er ein del av den globale turistnæringa med betydeleg internasjonal trafikk. Dette inneber både muligheter og utfordringar. For at reiselivsnæringa i Suldal og Ryfylke skal vere konkurransekraftig må ein følgje med på trendane i utviklinga, bærekraft er ein av desse trendane. Innovasjon Norge har lansert ei merkeordning for Bærekraftig Reisemålsutvikling. I utviklingsavtalen med Suldal kommune har Suldal Vekst i oppdrag å arbeide med reisemålsutvikling, me meiner at ordninga til Innovasjon Norge vil vere eit framtidsretta og strategisk godt verktøy for å styrkje reiselivsnæringa og kommunen sitt arbeid med reisemålsutvikling. I same ordninga vil ein kunne innfri måla som Suldal kommune har satt i kommuneplanen om utvikling av besøksnæringane og reiselivsplan for Ryfylke.

Det har vore gjennomført fleire informasjonsmøte om Bærekraftig Reisemålsutvikling bl.a. møte med Suldal kommune og Suldal Næringsforening 7. oktober, orientering i frå Lysefjorden utvikling og temamøte reiseliv 17.oktober med orientering i frå Geilo. Geilo er godkjent som bærekraftig reisemål og Lysefjorden er i gang med sitt arbeid. Bærekraftig Reisemål som Suldal Vekst si tilnærming til å arbeide med strategisk reisemålsutvikling var også eit tema i Suldal Vekst sitt halvårlege dialogmøte med formannskapet hausten 2016.

Suldal er allereie registrert og «godkjent» som potensiell søkjar hjå Innovasjon Norge, og det er bekrefta at Suldal kan starte arbeidet med merkeordninga. Ein godkjent rettleiar for arbeidet er engasjert for å kunne bistå i arbeidet. For å kunne komme eit skritt vidare, og utløyse midlar frå Innovasjon Norge, må det gjerast eit vedtak i kommunestyret om at Suldal kommune vil arbeide for å utvikle reiselivet i eit bærekraftig perspektiv og at ein har ein ambisjon om å oppnå merket for Bærekraftig Reisemål.

Det er også mogleg å sjå eit eller fleire av prosjekta som allereie er i gang i samanheng med bærekraft programmet frå Innovasjon Norge.

Mellom anna følgjande:

Nasjonal Turistveg Ryfylke

Sentrumsutvikling - Sand sentrum – oppleving og handel

Merking/gradering

Discovery Route

Me ynskjer med dette å invitere Suldal kommune med som ein aktiv utviklingspartner i Innovasjon Norge sitt program Berekraftig Reisemålsutvikling, og håpar på positivt vedtak i kommunestyret.

Med venleg helsing

*Laila Steine
dagleg leiar*

*Elin Tjordal Haugen
reiselivsansvarleg*

Fråsegner frå Suldal Næringsforening:

Utdrag protokoll frå styremøte i Reiselivsgruppa til Suldal Næringsforening, 21.02.2017:

Sak 5/2017 Reisemålsutvikling (Berekraftig reisemål)

Vedtak:

Reiselivsgruppa i Suldal Næringsforening sluttar seg til arbeidet med berekraftig reisemålsutvikling, og vil oppmode hovudforeninga til å oppfordre Suldal kommune til positivt vedtak.

Utdrag protokoll frå styremøte i Suldal Næringsforening 21.02.2017:

Sak 06/2017

Berekraftig reisemålsutvikling.

Innspel frå reiselivsgruppa om å slutte seg til pågåande arbeid med å kvalifisere Suldal for Merket for berekraftig reisemålsutvikling.

Vedtak:

Styret i Suldal Næringsforening sluttar seg til og er positiv til at ein arbeider strategisk med berekraftig reisemålsutvikling. Styret v/leiar formulerer innspel til Suldal kommune, som skal ha saka til handsaming i kommunestyret i mars.

«Suldal Næringsforening vil sterkt oppfordre kommunestyret i Suldal til å fatte et forpliktende vedtak om at Suldal

skal bli et bærekraftig reisemål.

Fokus på bærekraft nasjonalt og globalt er sterkt økende og det stilles stadig strengere kvalitetskrav i forhold til destinasjoner.

Suldal har alle forutsetninger til å innfri kravene som stilles til merket Bærekraftig Reisemål, hvor det er fokus på områder som miljø, lokal kultur, natur, sosiale verdier og økonomisk levedyktighet. Merket i seg selv vil kunne brukes i markedsføring og omdømmebygging, noe som vil styrke Suldal sin attraktivitet og konkurransekraft i forhold til næringsliv og tilflytting.

Suldal har alle forutsetninger til å innfri kravene som stilles og vi mener det også vil kunne ha en direkte positiv økonomisk konsekvens for Suldal»

Mvh Olav Lindseth

Styreleder Suldal Næringsforening

Proessen slik Innovasjon Norge beskrive den: (refererer til vedlegg Standard for bærekraftig reisemål)

Fase 1: Oppstart (1 måned)

- Forankre arbeidet i kommune og næring
- Måle status på områdene A og B
- Lage tiltaksplan fase 2

Fase 2: A-B (1-3 måneder)

- Besvare kravene i områdene A og B
- Måle status på områdene C, D og E

- *Lage tiltaksplan for fase 3*

Fase 3: C-D-E (opptil 18 måneder)

- *Iverksette tiltak i tråd med planen for fase 3*
- *Besvare kravene i områdene C, D og E*

Fase 4: Merking

- *Kontroll og godkjenning av uavhengig kontrollør inkludert besøk på reisemålet*
- *Merket må fornyes innen 36 mnd*

Bottom of Form 2

Økonomiske konsekvensar

Suldal Vekst som «destinasjonsledelse» tek kostnaden med prosjektleiing og rådgiving med støtte frå Innovasjon Norge. Suldal kommune vil ikkje ha direkte kostnader i form av pengar i samband med dette. Det vil nok likevel kunne bety at kommunen må bidra med andre typar ressursar, som t.d. personalressursar og kunnskap. Det er ein del som skal dokumenterast og gjerast i denne prosessen, og ein del av dette ligg på kommunen. Det kan for eksempel fungere slik at Suldal Vekst sin prosjektleiar ber om status på eit eller anna område som er del av kvalifiseringa til merket, og kommunen må vere innstilt på å bidra så godt ein kan med dette.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Kommuneplan for Suldal kommune 2015-2024

Økonomiplan med handlingsprogram 2017-2020

Innkømne uttalar

Suldal Næringsforening har uttalt seg i saka. Uttalane er tekne med under fakta i saka.

Vurdering og konklusjon

Berekraftig reiseliv som satsingsområde brer om seg over heile verda. Stadig fleire etterspør og vèl reisemål som syner ansvar og møter berekraftutfordringane offensivt. Dei første reisemåla som kan dokumentera og levera berekraftige tiltak og opplevingar vil ha eit konkuransefortrinn i kampen om å vinna bevisste turistar.

Merket for Berekraftig Reisemål er eit kvalitetsstempel for reisemål i Noreg. Merket byggjer på ein standard som set tydelege krav til reisemålet si evne til berekraftig verksemd og utvikling.

Merkeordninga som Innovasjon Noreg har innført er eit tilbod til norske reisemål som ynskjer å ta eit ansvar for reiselivet sine negative påverknader. Arbeidet for å oppnå merket vert samstundes ei

plattform for samarbeid og utvikling på reisemålet og ein viktig del av marknadsstrategien.

Det har vore 4 pilotar i prosjektet; Trysil, Vega, Lærdal og Røros. Etter kvart har det kome fleire til. Andre reisemål er i arbeid for å oppnå merket, til dømes Lysefjorden.

Suldal har over mange år hatt eit godt utvikla reiseliv. Reiselivstradisjonane strekkjer seg langt tilbake i tid. Fleire aktørar tek desse tradisjonane inn i framtida gjennom nye satsingar. Dette er med på å skapa nye arbeidsplassar og optimisme. Rådmannen meiner at det innafor reiselivsnæringa truleg ligg eit stort potensiale for utvikling av både eksisterande og nye arbeidsplassar. Suldal ligg om lag midt mellom Trolltunga og Preikestolen som er to av ikona innan reiselivet i Noreg. Det i seg sjølv gir store moglegheiter då mange av turistane besøker begge plassane og av den grunn reiser gjennom Suldal eller Sauda. Nasjonal turistveg Ryfylke er ei anna satsing som vil gi fleire turistar til Suldal. I tillegg alle dei naturbaserte moglegheitene som er her.

Suldal kommune har gjennom kommuneplan og handlingsprogram lagt grunnlag for eit berekraftig samfunn. Det gir samstundes eit godt grunnlag for å oppnå merket som Berekraftig Reisemål. Det må gjerast ein jobb, både av reiselivsnæringa og kommunen for å oppnå dette. Suldal Vekst og reiselivet er innstilte på å gjera denne jobben. Kommunen må pårekna å skaffa til vegars dokumentasjon og status på ulike område. Innovasjon Noreg gir tilskot til arbeidet som Suldal Vekst skal gjera.

Rådmannen meiner at det er framtidsretta å arbeida for å oppnå merket og status som Berekraftig Reisemål og rår til å støtta opp om arbeidet som kommunen vert invitert til.

Kommunestyret - 018/17

K - handsaming:

Røysterresultat:

samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

K: vedtak

Suldal kommune vedtek å støtta opp om arbeidet med å oppnå merket Berekraftig Reisemål. Dette arbeidet er i tråd med målsetjingar både i kommuneplanen og i økonomiplanen med handlingsprogram.